



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver 485/2 Vetås nordre - omlegging / utbetring av privat veg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 11.04.2022. Saka gjeld dispensasjon for omlegging og utbetring av eksisterande privat veg på Vetås nordre frå fylkesvegen og fram til eigedomen gnr. 485 bnr. 2.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Vi har forståing for at dei som bur langs vegen ynskjer ein betre og tryggare veg. Vi må likevel peike på at omlegging av vegen vil omdisponere dyrka mark, både fulldyrka og overflatedyrka. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Vegen vil også splitte opp ein teig med fulldyrka areal. Dette kan gjere resten av teigen vanskelegare å drifte. Kommunen må gjere ein grundig vurdering av korleis tiltaket vil påverka landbruksinteressene.

Vi vurderer tiltaket som nokså omfattande med ganske store fyllingar. Landskapet vil verte endra.

Det er uklart for oss i kor stor grad det er naudsynt å leggje om vegen. Kommunen må i vidare sakshandsaming legge vekt på landbruk- og landskapsinteressene i saka. Dette er sentrale omsyn i LNF-områder.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN